
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 16. april 2014 08:38
Til: 'arne.reigstad@hotmail.no'
Kopi: 'post@reigstadbygg.no'
Emne: Tiltak på gbnr 188/14.

Til Arne Reigstad/Reigstad bygg og eigedom AS

Tiltak på gbnr 188/14
Sak nr 14/654.

Eg viser til søknad om omdisponering/løyve til tiltak etter pbl § 20-1 for bruksendring og tilkomstveg mm mottatt 27.03.2014.

Administrasjonen har vurdert saka og det vil verta gjeve løyve til omdisponering for etablering av veg. Løyvet vert send ut etter påske.

Når det gjeld søknad om løyve til tiltak etter pbl. § 20-1 kan vi ikkje sjå at det er send inn søknad om løyve til tiltak med dokumentasjon der det vert gjort nærare greie for tiltaket (t.d. søknad om unntak frå TEK og ansvarsrettar). Ber om tilbakemelding på om søknaden skal handsamast ut frå tidlegare innsend dokumentasjon i dispensasjonssaka eller om det kjem eigen søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1. Vi minner om at rehabilitering/ending av utsleppsøyve også er søknadspliktig.

Med venleg helsing

*Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Areal- og miljøeininga
Lindås kommune*